

ANNONSE

E-avis

Meny

NYHEITER

Ole Ivars tok farvel med Stranda



Ole Ivars har vore mange gongar i regionen vår. Her nyt dei utsynet mot fjord og fjell i ein pause under lydprøven. F.v.: Espen Hagen Olsen, William Kristoffersen, Bjørn Elvestad, Morten Nyhus, Arne Willy Foss og Ole Ødegård.

[TOR ARNE AASEN](#)



Publisert: 06 mars, 2024 17:21
Oppdatert: 06 mars, 2024 17:21

[f Share](#)[X Share](#)

Etter 60 år nærmar det seg siste opptreden for legendariske Ole Ivars. Laurdag gjesta det kjende bandet Stranda for aller siste gong med avskjedsturneen «Takk for alle fine år».

ANNONSE

William Kristoffersen er full av lovord etter avskjedskonserten i Storfjord Kulturhus. Storfjordnytt får eit lenger intervju med den joviale artisten om minner frå området og refleksjonar over det bandet har stått for.



-Vi blei heilt tatt på senga av den ståande trampeklappen frå salen. Det var ei fantastisk avrunding for oss etter gongane vi har gjesta Stranda opp gjennom åra.

Han har mange gode minne frå Stranda, mellom anna bakgarden på hotellet der dei har spelt.

Over 40 år og 300 låtar

Kristoffersen har sjølv runda 40 år i det kjende dansebandet frå han kom med i 1983. Han har stått for mesteparten av låtproduksjonen med godt over 300 låtar. I tillegg har han ei årrekke hatt mykje av managementet for bandet.



-Akkurat den rolla kjem eg nok ikkje til å savne. Men å ikkje framføre for gamle og nye fans i bygd og by frå nord til sør blir nok rart. Det er klart det må bli eit vakuum etter at eit så langt kapittel i livet er over. Ikkje berre langt kapittel, men det er jo også ein heilt spesiell livsstil.

Starta i 1964

Lengst og dermed uslåeleg fartstid har Ole Ødegård som har vore med frå starten i 1964. Saman med Ivar Grønsveen gav han også namn til bandet. Gjennombrotet kom med *Regnets rytme* i 1968. Den er sjølv sagt med i «gullrekka» av gode gamle låtar konserten startar med som til dømes *Jeg har alltid en venn i gitaren* og *Line*. Saksofonist Arne Willy Foss som kom med i 1965 har nest lengst fartstid.

Konserten vi tek del i på Stranda har ei gjennomført historisk linje. Vi ser gamle videosnuttar og foto tidvis rulle i bakgrunnen. Mellom låtane som kjem som perler på ei snor frå dei ulike periodane, er vokalisten Espen Hagen Olsen dyktig på å krydre historia gjennom korte samtalar med dei ulike medlemmane. 38-åringen overtok då Tore Halvorsen slutta etter 30 år i 2018.



Laurdagskvelden på Stranda vart ei skattkiste av låtar for det dedikerte publikumet som var møtt fram. Her var alle dei kjende slagerane gjennom halvannan time non stop framføring. *Var det kjærlighet vi møtte, Nei, så tjukk du har blitt, Kalle med fela. Fem gule enker* som kom til 30-årsjubileet blei sjølv sagt framført justert til 6 gongar 10. Langversjon med *Jag trodde änglarna fanns* hørde med mot slutten. For å nemne nokre.



Yngstemann i bandet, vokalist Espen Hagen Olsen, intervjuer dei andre. Her i samtale med Arne Willy Foss. I bakgrunnen Ole Ødegård, t.h. William Kristoffersen.

Dagstur frå Moelven

Etter konserten blir bandmedlemmane ståande igjen og gir seg god tid til å prate med folk. Nokre er gamle kjente eller lojale fans som sluker mil langs landevegen som bandet sjølv for å få med seg endå ein konsert. Karen Monssveen og Tor Egil Sveum frå Moelven er blant dei.



Tor Egil Sveum og Karen Monssveen tok seg ein snartur heilt frå Moelven for å få med seg konserten på Stranda. Der vart det også ein god prat med karane i bandet.

-Vi var på konsert med Ole Ivars på Gjøvik førre veke. Då fleipa vi litt med å ta oss ein snartur til Sunnmøre for å få ein kveld til med godlåtane. Og fleip vart til røyndom. Det minkar på mulegheitene no, så det er berre å hive seg rundt. Dermed køyrdet vi frå Moelven og hit i dag. Så returnerer vi heimover i natt, seier Tor Egil.

Storfjordnytt snakkar med han igjen på telefon nokre dagar seinare.

-Det vart litt av ein saktegåande tur heimover med därleg føre. Men vi hadde gjort det igjen for konserten vi opplevde. Og ikkje minst å få snakke med William. Det har jo blitt nokre treff gjennom 30 år som fan av gruppa, og det er alltid like stas å få ein prat.

Hilde Berit og Gerhard Eidså hadde også tatt turen til kulturhuset. Vi treff på dei i prat med William Kristoffersen etter konserten. Ekteparet er opprinnelig frå Stranda og Sykkylven, men bur i dag i Molde. Som store tilhengarar av Ole Ivars var dei raskt ute med å bestille billett til Stranda-konserten.

-Vi kom i kontakt med Ole Ivars allereie i 1988 som aktive i ulike dansemiljø. Så vi er gode gamle venner av bandet. Det er både fint og vemodig å vere her ikveld.



Hilde Berit og Gerhard Eidså (t.h.) har fulgt Ole Ivars gjennom ei årrekke. Dei sette pris på å treffen William Kristoffersen igjen på Stranda. Her er dei flankert av saksofonist Arne Willy Foss og Hilderun Søholt fra Storfjord Kulturhus.

Reiser de på mange konsertar?

-Færre no enn før. Rekorden var vel fire konsertar på rad ei maihelg for nokre år sidan, då køyerde vi etter bandet, smiler Gerhard.

Han rosar både personlegheitene i bandet og låtane dei har stått for:

-William er ein svært dyktig låtskrivar. Han treff godt på så mange viktige tema i livet.

Avlyser aldri

Men lojaliteten går like mykje andre vegen.

-Å avlyse har aldri vore tema for oss, fortel William. Vi veit kor mykje det betyr for mange, kor mykje dei har gleda seg til kvelden. Vi kunne sikkert brukte force majeure nokre gongar når uante hindringar har tårna seg opp på veg mot nokre spelestadar. Men vi har heller fokusert på kreative løysingar.

Det var i høgste grad tilfellet då bandet skulle til Stranda ein del år tilbake.



Ole Ivars har vore mange gongar på Stranda. Her med ein annan kjent profil som bakgrunn.

-Vi hadde spelejobb i Larvik kvelden før og hadde dermed stram tidsplan opp til Stranda. Men allereie i Drammen fekk bussen vår tekniske problem og sa kontant nei til vidare ferd. Då fekk vi hyra minibuss og lastebil i ein fei, lempa over alt utstyret og var klar for publikum på kvelden etter ein rimeleg kjapp lydprøve og knepen pause, smiler William.

Minnerike turar på indre Sunnmøre

Andre lokalhistoriske minne frå området vårt?

-Då må eg nemne ferjecruiset på Geirangerfjorden som unikt i bandhistoria vår. Vi var jo nokre gongar på SS Norway og dei store Kiel-ferjene til Color Line. Men det er einaste gong vi har spelt på bildekket på ei vanleg fjordferje. Det var utruleg artig å oppleve kontrasten til den vesle ferja som var vakkert pynta med bjørk og stemninga om bord.

Kristoffersen trekker også fram då dei tøyde strikken før Geiranger-Langvatn skulle vinterstengast.



Opp mot 50 000 kilometer blir tilbakelagt med bandbussen kvart år. Stort sett utan problem, men nokre gongar med ekstra utfordringar å løyse.

-Det var julebord på Hotel Union eit år i november. Vi kom greitt ned med bandbussen til Geiranger etter turen over Strynefjellet. Men eg hugsar godt heimturen oppover bakkane søndags føremiddag med ein del nysnø. Vi har ein utruleg dyktig og roleg sjåfør som får oss fram overalt. Men eg trur han syntest det var veldig greitt når turen opp bakkane med minimal friksjon var unnagjort med brøytebil foran og bak i tilfelle problem.

Frå Velledalen til Spektrum

Tysdag blei det kungjort at Ole Ivars avsluttar 60-årsepoken med aller siste konsert i storstova Oslo Spektrum 19.oktober i år. Vi tippar at billettane går unna.

Ein kan vel mildt sagt seie det er kontrastar mellom spelestadane de har gjesta. Det må vere ganske forskjellige opplevingar og minne?

-Ja, definitivt. I oktober 2022 spelte vi god gammal byggdadans i gren dahuset i Velledalen. To år etter er det Spektrum. Nærheita ein får på eit gren dahus er noko heilt unikt og kan aldri erstattast med aldri så flott og fancy stort kulturhus. Begge deler er viktig for å nå ut til tilhengarane våre.

Saken fortset etter annonsa

ANNONSE

Og nå ut har dei sanneleg gjort mellom dei geografiske ytterpunktene Vardø og Båtsfjord i nord til Alicante i Spania i syd. Men etter William si oversikt har Ole Ivars merkeleg nok ikkje vore i Karasjok eller Kautokeino tross den kjende låten.

William framhevar også fenomenet med dei samlande bygdadansane som held ved like generasjonsfestane som tradisjon med dansande frå tidleg i 20-åra og oppover i fleire generasjonar.

Det er sjølv sagt ærefullt å runde av med kringkastingsorkesteret i Spektrum og å sjå tilbake på utmerkingane. Men alle dei høgthengande prisane bandet har motteke, dei åtte spelemannsprisane, gullplatene og Prøysenprisen og kongens fortjenestemedalje til William har aldri vore det dei har streba etter:

-Vi har berre gjort vårt beste, hatt det gøy, stadig vore på jakt etter utvikling, ikkje kvilt på laurbæra, og hatt ein indre drive, er noko av det William framhevar i samtale med vokalist Espen under konserten.

Hver gang vi møtes

Mange har også fått bekjentskap til lune og behagelege William gjennom TV2-programmet «Hver gang vi møtes» denne sesongen. I første program var også heile bandet med på eine låten.

-Eg trur det har vore med å gi nye generasjonar innblikk og interesse for låtane. Det er kjekt både å oppleve låtane i ny drakt når andre artistar tolkar dei, og ikkje minst å slå av ein prat med folk som tek kontakt der vi kjem.



Ole Ivars kjem ikkje att til Stranda. Men det er enno nokre sjansar til å få med seg siste del av turneen.

Men no minkar det på gangane Ole Ivars og publikum skal møtast før det er definitivt «Takk for alle fine år». Ein levande æra og institusjon gjennom generasjonar i norsk kulturhistorie går mot slutten. Men det er enno eit halvår og nokre konserter igjen for dei som vil oppleve Ole Ivars live.

Storfjordnytt

✉ Postboks 134, 6211 Valldal
🏢 Olavsgata 8, 6210 Valldal